


”BYKLE SER LANGT”



**KOMMUNEPLANEN
FOR BYKLE 2010-2022**

Vedteke i kommunestyret 28.06.2012

Sak nummer: 95/12

Revidert 27.02.2014



SAMFUNNSDEL

BAKGRUNN

Kommunestyret vedtok igangsetting av revisjon av kommuneplanen 2006-2018 i møte 18.12.2008, og det vart bestemt at prosjektleiinga skulle leggest til administrasjonen. Det vart sett ned ei styringsgruppe med seks politikarar og rådmannen.

Styringsgruppe

Kay A. Jeiskelid (H, ordførar), Olav Mosdøl (Sp), Jon Rolf Næss (Ap), Astrid Steensby (Ap), Randi Steinsholt (SV), Olav Mandt (H), Torvald Gautland (Krf) og Tallak Hoslemo (rådmann)

Administrativ arbeidsgruppe arealdel

Tallak Hoslemo (rådmann), Knut Erik Paulsen (ingeniør GIS – geodata), Jens Gunnar Haugen (rådgjevar byggesak), Sigrid Bjørgum (rådgjevar landbruk/ utmark) og Kristine Birkeland (prosjektlear/ rådgjevar areal og plan).

Kommuneplanen – innhald og bruk

Kommuneplanen er kommunen sitt viktigaste styringsdokument, og skal synleggjere politiske prioriteringar for innbygarane og for omverda. Kommuneplanen har eit perspektiv på 12 år, og det skal kvart fjerde år vurderast om planen skal rullerast.

Samfunnsdelen skal legge rammer for planlegging og aktivitet i kommunen, og ligge til grunn for arealplanen som viser aktiv forvaltning av areala i kommunen. Samfunnsdelen er òg grunnlag for handlingsprogrammet med økonomiplan, som viser handlingsmål for samfunnsutvikling, styringsmål for tenesteutvikling og prioritering av tiltak. Handlingsprogrammet har eit perspektiv på fire år, og skal rullerast kvart år.

Kommuneplanlegging kan kallast ein kontinuerleg prosess, og ikkje noko som vert avslutta med framlegging av dette dokumentet. Formuleringane i samfunnsdelen er på eit overordna nivå, og skal vise retning og gi føringar for vidare planlegging. Det er viktig at desse føringane ligg til grunn og vert nytta vidare i arbeidet med handlingsplanar for dei ulike einingane i kommunen. Det er gjennom desse handlingsplanane ein kan kome fram til meir konkrete tiltak, løysingar og prioriteringar.

BYKLE I VERDA

Bykle ønskjer å sjå langt, og vil skaffe seg kunnskap og formidle denne slik at ein kan møte nye trendar innan arbeids- og samfunnslivet på ein god måte. Bykle skal vere ein kommune som er open for nye kulturar, nye tradisjonar og nye medborgarar. Gjennom at kommunen er langt framme innan den digitale utviklinga skal innbyggjarane oppleve at dei er "midt i verda", samstundes som dei er del av gode lokalsamfunn. I tillegg er reiseliv ein del av dette perspektivet, og Hovden skal vere kjent som eit attraktivt reisemål for internasjonale gjester.

Ambisjon

Bykle skal stå fram som eit moderne og globalt orientert samfunn

Slik kjem vi dit

- Stimulere til å vise toleranse og vere opne for andre kulturar, uttrykk og tradisjonar
- Rekruttere på den globale arbeidsmarknaden der det er formålstenleg
- Aktivt nytte informasjons- og kommunikasjonsteknologi i eit internasjonalt perspektiv
- Styrke profileringa av Hovden som eit attraktivt internasjonalt reisemål

Thorvald Stoltenberg om "Bykle i verda"

"I midten ta væla der står je" sier en av figurene til Alf Prøysen. Utsagnet er gyldig for alle mennesker til alle tider. Midtpunktet i verden kan altså være hos mennesker i Bykle og hvilket som helst annet sted der mennesker bor på kloden; i Bosnia, i Burundi eller i Berlin.

Men Bykle er altså et sted på kloden der menneskene synes å ha klokskap og perspektiv til å se sammenhenger utover seg selv. Den største utfordringen i det 21. århundre blir å styrke denne bevisstgjøringen om sammenhengen mellom mitt eget liv, mitt lokale nærmiljø og den globale verden.

I det 21. århundre blir nettopp denne forståelsen avgjørende for at verdens problemer skal kunne løses i fellesskap. Ja, jeg vil si det så sterkt som at det er et spørsmål om "co-existence or no existence." (Piet Hein)

Menneskene i Bykle har for lengst erkjent at Jorden er liten og sårbar. Bykle er lik og forskjellig fra andre steder i verden. Men Bykle har definert seg inn i et fellesskap av forskjellighet. Bykles distrikt er hele verden!

Thorvald Stoltenberg

President Norges Røde Kors 2006

BYKLE I NOREG

Bykle skal vere ein utadventt kommune som appellerer til potensielle nye innbyggjarar og besøkande på ein positiv måte. Vi skal vere ein attraktiv kommune for unge etablerarar, og stimulere til at innbyggjarane kan få bruke heile sitt potensiale; fysisk, intellektuelt og skapande. Gode lokalsamfunn er viktig både for innbyggjarar og for kommunen som reiselivsdestinasjon. Med tanke på utvikling innan reiselivet vil vi satse på berekraftig forvaltning og kompetanseheving.

Ambisjon

Bykle skal skilje seg ut som ein attraktiv stad å vitje, og ein god plass å bu

Slik kjem vi dit

- Nasjonal profilering av kommunen som lokalsamfunn og som reiselivsdestinasjon
- Utvikle og legge til rette for kompetansesarbeidsplassar
- Gjere tiltak for å utvikle Bykle til ein av dei mest attraktive kommunane i Noreg for unge å busette seg i
- Etablere eit langsiktig samarbeid med relevante utdanningsinstitusjonar
- Vere framtidsretta, og tenke vidt og langt når det gjeld utvikling og forvaltning av reiselivsprodukta i kommunen
- Ta vare på naturen, og nytte han som ei merkevare
- Legge til rette for kompetanseheving og profesjonalisering innan reiselivet

Åslaug Haga om "Bykle i Noreg"

Tru, optimisme og pågangsmot er heilt nødvendig for å skape levande og livskraftige lokalsamfunn og bygder i framtida. Arbeidet som blir gjort med kommuneplanen i Bykle er eit levande bevis på dette. Eg vil ønskje lykke til vidare med det gode og konstruktive arbeidet!

Åslaug Haga

Kommunal- og regionalminister 2006

BYKLE I AGDER

Bykle skal vere ein god nabo, og eit førebilete blant innlandskommunane i Agder med tanke på næringsutvikling og satsing på kompetansearbeidsplassar. Med mål om å skape gode arbeidsplassar skal kommunen søke innovative samarbeidsrelasjonar med miljø utanfor kommunen. Samstundes skal vi i Bykle arbeide for å skape eit miljø for utdanning og kompetansebygging i vid forstand.

Ambisjon

Bykle skal vere ei drivkraft og eit førebilete for utvikling blant innlandskommunane i Agder

Slik kjem vi dit

- Bykle skal vere ein motor for utvikling, og ein føregangskommune innan næringsutvikling relatert til turisme og opplevingar
- Bykle skal vere eit viktig senter for utdanning og kompetansebygging
- Der det er formålstenleg, skal Bykle aktivt søke gode og konstruktive samarbeidsrelasjonar utanfor kommunen
- Bykle skal vidareutvikle kunnskapen sin innan digital utvikling, og gjennom å dele denne kompetansen, gå føre inn i den digitale framtida

Arild Eielsen om "Bykle i Agder"

Bykle er plassert på "taket" av Agder, og kommunen har gjennom dei naturgjevne føremonane sine ein særeigen plass hos egdane som Vintersportsstaden. Ei regionalisering der Aust-Agder og Vest-Agder går inn i same region bør ytterlegare gi kommunen moglegheiter til å styrke dette forholdet. Ei slik utvikling bør òg kunne underbygge kommunen sin ambisjon om å "vere eit viktig senter for utdanning og kompetansebygging". At kommunen har gode økonomiske ressursar og utviklingsvilje tilseier òg at det er realistisk å ha ein ambisjon om å "vere ei drivkraft og eit førebilete for utvikling blant innlandskommunane i Agder". I fylkeskommunen meiner vi særleg det er viktig at Bykle er med og tar eit samla ansvar for utviklinga i Setesdal. Eg ser fram til å følge utviklinga i Bykle kommune vidare!

Arild Eielsen

Fylkesrådmann Aust-Agder fylkeskommune 2006

HEIME I BYKLE

Ragnhild Bjåen om "Heime i Bykle"

Etter fleire år heimanfrå, er eg no på veg heim til Bjåen. Eg ynskjer å skape min eigen arbeidsplass på fjellgarden, og eg vonar at det kan vere liv laga å halde fram med eit aktivt jordbruk, og kanskje ei vidareutvikling innan småskalaproduksjon kombinert med turisme. Sidan eg har utdanning og erfaring innan natur og kultur, husdyrhald, foredling og entreprenørskap, håpar eg å få nytte kompetansen min heime i Bykle kommune. På den måten kan eg vere med å bere vidare tradisjon og kultur som alltid har vore viktig i bygdene. Det å ta vare på og forvalte naturen, er ein stor del av dette.

Men for å kunne oppretthalde busetnad på plassar som Bjåen, er ein avhengig av gode rammevilkår. Ein må ha eit nettverk å kome heim til, ein må få nytte utdanninga si, og få eit relevant og meningsfylt arbeid. Kulturtilbod og ei aktiv fritid gjer det lettare å trivast.

Det er flott at Bykle kommune satsar på unge som kjem heim att, og eg håpar at det òg vert slik vidare. Ved å legge til rette for mangfald og ulike næringar, vil også jordbruket i små fjellbygder ha ei framtid.

Ragnhild Bjåen

Bonde og gründer 2006

Å bu og arbeide i Bykle skal opplevast som godt og utviklande. Ein oppvekst i Bykle skal vere trygg, stimulerande og prega av respekt for enkeltindividet. Eldre skal oppleve at det er godt å bu i Bykle, og at tenester er tilrettelagt for kvar enkelt. På same måte skal ting ligge til rette slik at unge ønskjer å etablere seg i Bykle. Alle innbyggjarar skal ha tilgang til fritids- og kulturtilbod uavhengig av funksjonsnivå, og tilboda skal vere stimulerande fysisk, mentalt og sosialt.

Ambisjon

Ein Byklar er stolt av bygda si, og fortel dei gode historiane om eit raust samfunn som legg til rette for utvikling og vekst.

OPPVEKST

Ambisjon

Eit godt og stimulerande oppvekstmiljø skal vere ein viktig grunn til at folk trivst og vel å busette seg i Kommunen.

Slik kjem vi dit

- Det pedagogiske tilbodet skal til ei kvar tid vere prega av kvalitet, læring og profesjonell tilnærming
- Barnehage, skule og andre oppvekstmiljø skal vere prega av toleranse og opne haldningar
- Barne- og ungdomsarbeid skal bidra til at ein tidleg skaper ein identitet til heimplassen
- Barn og unge skal ha eit variert og utviklande fritidstilbod, og stimulerast til fysisk aktivitet
- Ein skal styrke det gode samarbeidet mellom offentleg og privat barne- og ungdomsarbeid

NÆRINGSUTVIKLING

Ambisjon

Bykle skal utmerke seg som ein attraktiv stad å drive, utvikle og etablere berekraftig næringsverksemd.

Slik kjem vi dit

- Gjennom aktiv, kompetent og målretta tilrettelegging og deltaking, skal kommunen bidra til etablering, knoppskyting og vekst
- Ein skal aktivt stimulere til eit næringsliv som er uavhengig av offentlege tilskot
- Det skal leggest til rette for at unge flyttar tilbake etter endt utdanning
- Ein skal arbeide for å styrke og utvikle næringar innanfor dei områda ein har naturlege føresetnader for å lykkast med
- Hovden skal vere knutepunkt for kompetansebasert næringsutvikling innan reiseliv
- Næringsutvikling skal medverke til at investert kapital i størst mogleg grad blir verande i bygda
- Kommunen skal i si næringsssatsing legge til rette for nye, og gjerne utradisjonelle, samarbeidsarenaer

HELSE OG OMSORG

Ambisjon

I Bykle skal alle oppleve eit godt og framtidretta helse- og omsorgstilbod. Helse skal vere eit satsingsområde i høve til innbyggjarar, og i utviklinga av kommunen som reiselivsdestinasjon.

Slik kjem vi dit

- Helse og omsorgsapparatet skal møte brukarane sine med profesjonalitet, respekt og toleranse
- Innbyggjarane i kommunen skal motiverast til fysisk aktivitet og sunne livsvanar
- Førebyggjande helsearbeid, mosjon og velvære skal vere satsingsområde både overfor innbyggjarar og i utviklinga av Hovden som turistdestinasjon
- Vi skal vidareutvikle dei gode og trygge lokalsamfunna prega av omsyn til fellesskapet, og med fokus på enkeltmenneske

KULTUR OG MILJØ

Ambisjon

Bykle skal vere prega av eit rikt og mangfaldig kulturliv, som saman med eit godt miljø gjev gode levekår.

Slik kjem vi dit

- Hovden og Bykle kyrkjebygd skal utvikle sin eigenart, samtidig som ein skal stimulere til ein felles identitet. Kommunen skal vere pådrivar for å finne felles og samlande tiltak for heile kommunen, frå Bjørnarå til Bjåen
- Kommunen skal ta vare på dei tradisjonelle kultur- og uttrykksformene, samtidig som ein opnar for kulturell nytenking og stimulerer talent hos innbyggjarane
- Kyrkja skal vere ein viktig del av oppvekstmiljø, omsorgsarabeid og identitet i Bykle, samstundes som andre trussamfunn skal ha gode arbeidsvilkår.
- Areal og naturressursar skal vere tilgjengelege, og forvalta på ein berekraftig måte
- Kommunen skal vere ein aktiv pådrivar for eit godt samarbeid med grunneigarar og regionale/nasjonale myndigheiter
- Den fine naturen i kommunen skal vi ta vare på, mellom anna gjennom gode renovasjonsordningar
- Kommunen skal aktivt stimulere bedrifter til å arbeide etter miljøvennlege og berekraftige prinsipp
- Kommunen skal legge til rette for kulturlandskap og kulturmiljø som viktige ressursar for trivsel og utvikling

KOMMUNEN SOM SERVICEINSTITUSJON

Ambisjon

I Bykle skal innbyggjarane og brukarane vere i fokus, og oppleve kommunen som ein serviceorientert organisasjon og eit truverdig forvaltingsorgan.

Service og tenester

- Ein skal i tenesteproduksjonen ha fokus på innbyggjarservice, og på å gjere brukarane nøgde med tenestene
- Informasjon og kommunikasjon skal vektleggast
- Kommunen skal aktivt nytte informasjons- og kommunikasjonsteknologi for å yte god service og gjere tenester lett tilgjengelege
- Bykle kommune skal som arbeidsgjevar nytte kompetanseheving for å utvikle verksemda, leiarane og kvar enkelt tilsett
- Økonomiske og menneskelege ressursar skal nyttast optimalt
- I NAV har me ei dør til mange tenester. Vi vil gje folk moglegheiter

Forvaltning

- Sørge for konsekvent og lik handsaming av like saker
- Føre god og saklig argumentasjon for vedtak og avgjerder
- Arbeide for kort handsamingstid og høg kvalitet ved sakshandsaming
- Gjere ei heilskapleg vurdering i alle saker, og vurdere dette opp mot føremålet i den aktuelle lova
- I NAV og barnevern samarbeidast det på langs av dalen for å gje brukarane best mogleg kvalitet på tenesta.
- Sikre godt fagmiljø gjennom interkommunalt samarbeid



AREALDELEN TIL KOMMUNEPLANEN

KOMMUNEN SOM AREALFORVALTAR

Ambisjon

Langsiktig og balansert tenking skal medverke til formålstenleg og berekraftig utnytting av kommunen sine arealressursar.

Slik kjem vi dit

- Langsiktig tidsperspektiv skal ligge til grunn for all arealforvaltning
- Fokus på heilskapsløysingar, miljøkrav og estetikk
- Ta vare på balansen mellom nærings- og bufunksjonar, biologisk mangfald, verneområde, kulturminne og friluftsiinteresser
- Berekraftig forvaltning til lokalsamfunnet sitt beste skal ligge til grunn for all utvikling
- Legge til rette for positiv utnytting av ressursane i natur- og verneområde, og gjennom dette fremme trivsel og helse blant fastbuande og gjester i kommunen

VISJON OG AMBISJONAR

Arealdelen skal samsvare med føringane som er gitt i samfunnsdelen av kommuneplanen. Visjonen for kommuneplanarbeidet er:

Bykle ser langt

Ikkje minst innan arealplanlegging er det viktig nettopp å sjå langt. I samfunnsdelen er det sett opp ambisjonar ut frå ulike perspektiv, og desse skal ligge til grunn også i arealplanlegging.

Kommunen som arealforvaltar:

Langsiktig og balansert tenking skal medverke til formålstenleg og berekraftig utnytting av kommunen sine arealressursar

Ambisjonar for arealdelen

Bykle kommune er oppteken av å skape attraktive og gode bumiljø, både i etablerte bustadfelt og spreidd i dei enkelte grendene i kommunen. Som helse- og trivselsfremmande tiltak vil kommunen legge vekt på varierte og godt tilrettelagte ski- og løypenett, samt leike- og samlingsplassar i nærleiken av bumiljøa. Kommunen skal òg ha fokus på eit trygt, trafikksikkert og oversiktlig oppvekstmiljø for barn og unge.

Av Bykle kommune sine om lag 1 460 kvadratkilometer er meir enn 60 % av arealet verna med ulike formål. Kommunen har tatt eit stort ansvar i høve til leveområda for den sørlegaste villreinstamma i Europa. I tillegg har Bykle ei rik jernvinnehistorie, noko ein finn spor av som kulturminne i heile kommunen. Reiseliv er ei viktig vekstnæring i Bykle, og somme tider ser ein at denne næringa kan kome i konflikt med verneinteressene. Eit stort tal gjestedøgn krev god tilrettelegging og infrastruktur. Kommunen vil gjennom god planlegging ta vare på balansen mellom nærings- og bufunksjonar, biologisk mangfald, verneområde, kulturminne og friluftssinteresser.

FØRESEGN TIL KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL 2010-2022

OVERORDNA FØRINGAR:

- Plan og bygningslova av 1985 og 2008
- Rikspolitiske retningslinjer for transport- og arealøkonomisering
- Rikspolitiske retningslinjer for samordna areal- og transportplanlegging
- Rikspolitiske retningslinjer for å ivareta barn og unges interesser i planlegginga
- Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag
- Rikspolitiske retningslinjer om "tilgjengelighet for alle", rundskriv T-5/99
- T-1459 "Grad av utnytting"
- Den europeiske landskapskonvensjonen
- St.meld. nr. 29 (1996-1997): Om regional planlegging og arealpolitikk
- St.meld. nr. 39 (2000-2001): Friluftsliv. En veg til høgare livskvalitet
- St.meld. nr. 23 (2001-2002): Bedre miljø i byer og tettsteder
- St.meld. nr. 16 (2002-2003): Resept for et sunnere Norge
- St.meld. nr. 16 (2004-2005): Leve med kulturminner
- St.meld. nr. 20 (2006-2007): Nasjonal strategi for å utgjevne sosiale forskjeller
- St.meld. nr. 26 (2006-2007): Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand
- St.meld. nr. 34 (2006-2007): Norsk klimapolitikk
- St.meld. nr. 22 (2007-2008): Samfunnssikkerhet, samvirke og samordning
- St.meld. nr. 39 (2008-2009): Klimautfordringene – landbruket en del av løsningen

OVERORDNA PLANAR:

Regionplan Agder 2020

Fylkesdelplan for Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiane

Verneplan for Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiane

KOMMUNALE TEMAPLANAR:

Desse kommunale temaplanane skal takast omsyn til ved planlegging og bygging:

- Beitebruksplan
- Plan for kommunal kriseleing
- Byggeskikkrettleiar for Bykle kommune

- Handlingsprogram for idrett, friluftsliv og kulturbygg
- Landbruksplan
- Samfunnsdelen av kommuneplanen 2010-2022
- Trafikktryggleiksplan
- Skjøtselsplan for Bykle kyrkjebygd
- Energi- og klimaplan for Bykle 2010

PLANDOKUMENT

Plandokumenta i tilknytning til rullering av kommuneplanen for Bykle er inndelt slik:

- Planomtale
- Plankart med tilhøyrande føresegn
- Uttrekk frå plankartet av sentrumsområda
- Tekstdel med samfunnsdel og arealdel

Plankart og føresegner er juridisk bindande.

FØRESEGNAR OG RETNINGSLINER

Juridisk bindande føresegner med tilhøyrande heimel i lov er skrivne i tekstboksar. Retningslinene er ikkje juridisk bindande, men skal leggjast til grunn ved planlegging.

DELEGASJON AV MYNDE TIL ADMINISTRASJONEN

Saker etter plan- og bygningslova §§ 12-14 og 13-1 og kap 19, er delegert frå fast utval for plansaker til rådmannen. Delegasjon etter § 19-2 gjeld dispensasjon frå både kommuneplan og reguleringsplanar i Bykle kommune. All delegasjon gjeld saker av ikkje-prinsipiell karakter. Klagesaker og saker av prinsipiell karakter skal handsamast i fast utval for plansaker.



1 BYGNAD OG ANLEGG

1.1 OMRÅDE AVSETT TIL UTBYGGINGSFØREMÅL - GENERELT PLANKRAV

A. Plankrav (jfr Pbl § 11-9, nr 1)

I område avsett til utbyggingsføremål kan arbeid og tiltak som nemnd i plan- og bygningslova §§ 20-1 og 20-2, samt frådeling til slike føremål, ikkje finne stad før området inngår i reguleringsplan enten områderegulering eller detaljregulering. Utarbeiding av slik plan (teknisk framstilling og innhald) skal vere i tråd med den kravsspesifikasjon som til ei kvar tid gjeld.

B. Utforming (jfr pbl § 11-9 nr 5)

Bygg og utomhusareal der ålmenta skal ha tilgjenge skal utformast etter prinsippet om Universell Utforming.

C. Rekkefølgekrav (jfr. Pbl §§ 11-9 nr 4)

Utbygging innafor desse områda kan ikkje finne stad før godkjente vassforsynings- og avlaupsanlegg, elektrisitetsforsyning, veganlegg og avkøyning er etablert. Fellesareal, som til dømes felles parkeringsplassar, tilkomstveggar, friområde og leikeplassar skal opparbeidast og ferdigstillast til bruk samstundes med at tomtene blir bygd ut.

D. Utbyggingsavtalar (jfr. Pbl§ 17-2)

Bykle kommune kan krevje at det vert inngått utbyggingsavtale med grunneigarar og /eller utbyggerar som fremmar planar for utbygging.

RETNINGSLINER FOR OMRÅDE AVSETT TIL UTBYGGINGSFØREMÅL

1. Lokalisering og utforming av nye bygg skal skje slik at dei harmonerer med eksisterande bygningsmiljø med tanke på tomteplassing, struktur, volum, takform, materialbruk og farge. Det skal nyttast materiale som høyrer saman med omgjevnadene. Bygningane skal òg kunne spegle av preg og byggeskikk frå si tid.
2. Nye bygningar skal plasserast skånsamt i terrenget slik at landskapet ikkje blir vesentleg endra. Terrenngrep skal samlast og minimaliserast. Landskapselement som bekkar, kantvegetasjon, grøntdrag, friområde og andre naturareal med økologisk funksjon skal vernast om. Ein bør unngå bortsprenging av terreng som gir synlege skjeringar. Omsynet til automatisk freda kulturminne skal ivaretakast.
3. I samband med regulering til utbyggingsføremål skal det lagast risiko- og sårbarheitsanalyse. Det gjeld særleg omsyn til mogleg flaum, rasfare, støy og trafikktryggleik. Bygningar skal sikrast mot radonstråling.
4. Utbygging skal ikkje kome i konflikt med automatisk freda eller prioriterte kulturminne. Jfr kulturminnelova §§ 8 og 9.
5. Utbyggingsavtalar skal vere eit verkemiddel for å sikre at gjennomføring av utbyggingar er i tråd med kommuneplanen. Utbyggingsavtalar blir inngått i samband med handsaming av områdeplanar og detaljplanar. Utbyggingsavtalane skal gjensidig forplikte partane med omsyn til kvalitet på bygg, utomhusareal, infrastruktur, fellesområde og felles tiltak. Jfr. vedtak i kommunestyret 14.11.2006, sak PS 125/06.
6. Statens Vegvesen sine normalar og retningslinjer skal gjelde.
7. Det er krav til støyskjerming der det ligg føre støymålingar høgare enn krav sett i retningslinjene for behandling av støy i arealplanlegging T-1442.

1.2 BUSTADER

Attraktive bustadtomter er viktig som ein del av det å skape lyst til å bu og etablere seg og for å skape utvikling i kommunen. Statistikk viser at byggeaktiviteten dei siste åra har vore større på Hovden enn i Bykle. Kommunen har mangel på tilgjengelege bustadtomter, og det er difor viktig å sikre gode bustadtomter gjennom kommuneplanen. Nye bustader skal hovudsakleg kome i bustadfelt, men kommune ønskjer samstundes å oppretthalde busetnad i grendene, og opnar difor for spreidd bustadbygging i somme LNF-område.

I planen er det lagt opp til to former for bustadbygging:

LNF– spreidd bustadbygging og bustadfeltutbygging. Det er feltutbygginga som er omtala under dette punktet. I tillegg til nye bustadområde skal ein sjå på moglegheiter for å fortette eksisterande område for å styrke miljøet kring bustadane.

E. Funksjonskrav for leikeareal (jfr. § 11-9 nr5)

Leike- og opphaldsplassar, og der det ligg til rette for akebakkar og skiareal, skal inngå i reguleringsplanar for bustadfelt. Plasseringa skal vere skjerna og ha gode soltilhøve. Dei skal ikkje plasserast i nærleiken til høgspenlinjer og kraftleidning. Leikeareal skal vere ferdig opparbeida før det blir gjeve bruksløyve på bustader i bustadområde.

RETNINGSLINER FOR BUSTADOMRÅDE

1. Nærliggande bygningsmiljø skal så langt det er mogleg vere utgangspunkt for formgjevinga av bustader. Bustader skal vurderast opp mot stadeigne trekk i byggeskikken, men skal òg kunne spegle av preg og byggeskikk frå si tid.
2. Ved planlegging av nye bustadfelt eller omregulering av eksisterande bustadfelt skal omsynet til barn og unge prioriterast høgt. Blant anna skal behov for leike- og opphaldsplassar og trygge gang- og sykkelveggar og anna trafikksikring prioriterast. Gangveggar skal planleggast slik at dei tek omsyn til lettvinnt og naturleg ferdsel internt i og mellom bustadfelt.
3. Det er ikkje tillete å setje opp bom i bustadområde.

FRAMTIDIGE OMRÅDE FOR BUSTADER MED RETNINGSLINER:

Nr	Gnr/bnr	Stad	Retningslinjer
1	14/12	Bykle kyrkjebygd, Holti	Område må detaljregulerast.
2	16/1 16/2 16/4 16/5 16/6	Stavenes	Det må utarbeidast ein områdeplan for heile Stavenes. Ved regulering og utbygging av området skal det leggast vekt på å take vare på viktige verdiar i kulturlandskapet. Konsekvensutgreiing må utarbeidast på områdeplannivå.
3	2/2	Hovden, binde saman bustadområda Røyrvikåsen og Kvennebekken	Ålmenta si tilkomst til vassdrag skal ikkje hindrast, og skiløypa skal oppretthaldast med buffer / god avstand til byggnad.
4	2/2	Hovden, mellom Austmannlii og Hartevasbu	Det er utarbeida skredfareanalyse frå NGI. Og ut frå resultatane av denne kan området settast av til framtidig bustadbygging. Hogst av skog i dei bratte delane av fjellsida ovanfor utbyggingsområde er ikkje tillete. Det må utarbeidast detaljregulering for område.

1.3 FRITIDSBUSTADER

Etterspurnaden etter tomter for fritidsbustader i kommunen er svært høg. Ettersom store areal er bandlagt med ulike verneføremål, er det mangel på areal for fritidsbustadbygging i nærleiken av Hovden. Mangel på areal kring Hovden har ført til at det framover blir satsa på å legge til rette for fleire fritidsbustader i allereie bygde område. Ein fellesnemnar for utbygginga i Midtregionen/Hovden Sør er at nye område konsekvent er lagt inntil etablerte område. Dette er i første rekke av omsyn til villrein. Det er og av omsyn til at brukarane får lett tilkomst til løyper og aktivitetar. Konflikten mellom fritidsbustadbygging og villreininteresser er kjend i mange fjellområde i Sør-Noreg, og dette er ei stor utfordring i Bykle kommune.

Utbygging av fritidsbustader skal fortrinnsvis skje i regulerte felt. Spreidd hyttebygging i LNF- område er det berre unntaksvis gitt rom for.

F. (Jfr. PBL § 11-9 nr 4 og nr 5)

Maksimal mønehøgde skal ikkje overstige 6,5 meter målt frå overkant golv 1. etasje til overkant utvendig møne. Flate, halvvalma eller valma tak skal ikkje tillatast, og takvinkel skal vere mellom 25 og 35 grader.

Ved ark/takopplett skal denne ikkje vere større enn 1/3 av hovudtak.

Maks BYA = 200m², der 40m² avsetjast til parkering. Der parkering ikkje ordnast på tomta blir maks. BYA 160m².

RETNINGSLINER FOR FRITIDSBUSTADER

1. Maksimalt utbygd areal for nye fritidsbustader skal fastsettast etter ei vurdering av landskapstilpassing og lokal byggeskikk og omkringliggende bygningsmiljø. Som hovudregel bør nye einskildtomter ikkje overstige 1000 m². Tal på bueiningar skal fastsetjast i reguleringsplan (detaljregulering eller områderegulering).
2. For fritidsbustader skal det nyttast materiale som er tilpassa omgjevnadene og stadeigne trekk i byggeskikken. Fritidsbustader skal vere i naturtilpassa fargar. Det er ikkje tillete med kvite kontrastar utanom sjølve ramma rundt glaset.
3. Fritidsbustader skal ha ei best mogleg tilpassa plassering i terrenget. Møneretning skal følgje høgdekotane. Ein skal unngå plassering på høgdedrag. Terrenngrep skal avgrensast til eit minimum. Fritidsbustader skal plasserast slik at mest mogleg av eksisterande vegetasjon kan bevarast.
4. Ved plassering av fritidsbustader skal det takast omsyn til tomta si utforming, ålmenta si rett til ferdsel i området, og til sti- og løypenett.
5. Leike- og opphaldsplassar, også akebakkar og skiareal skal inngå i reguleringsplanar for fritidsbustader. Plasseringa skal vere skjerma og ha gode soltilhøve. Dei skal ikkje plasserast nær høgspenline eller anna kraftledning. Leike- og opphaldsplassar skal vere ferdig opparbeidd før det blir gitt bruksløyve på fritidsbustader.
6. Det er ikkje ønskeleg med bom i område for fritidsbustader. Ei eventuell oppsetting av bom må gjerast i samråd med kommunen, slik at bomløysinga er handterleg for mellom anna utrykkingskøyretøy.
7. Dersom det går offentlege vatn- og avlaupsledningar innan ein avstand på 50 meter kan kommunen krevje tilkopling. I område kor dette ikkje er mogleg, skal kommunen godkjenne anna løysing.
8. For å motverke konflikantar mellom beiting og turisme kan det i reguleringsplanane vurderast og fastsettast korleis det i samband med tunløysingar og andre utbyggingsløysingar kan etablerast gjerde mot beiteområdar utan at dette kjem i konflikt med fri ferdsel og estetiske omsyn. Bruk av gjerde vil krevje tilpassing i dei enkelte områda.

FRAMTIDIG OMRÅDE FOR FRITIDSBUSTEDER MED RETNINGSLINER:

Nr.	Gnr/bnr	Stad	Retningslinjer
5	16/4 16/5 16/6	Byklestøylane aust for Otra	Utforming og plassering av fritidsbustadene må tilpassat landskapet på ein god måte. Tal må avklarast i reguleringsplan og underordnast viktige landskapsomsyn.
6	16/11	Glidbjørg	Utforming og plassering av fritidsbustadene må tilpassat landskapet på ein god måte. Tal må avklarast i reguleringsplan og underordnast viktige landskapsomsyn.
7	16/1 16/2 16/5 16/6 16/10	Stavenes	Krav om områderegulering for heile Stavenesområde. Konsekvensutgreiing må utarbeidast på områdeplannivå.

1.4 FRAMTIDIG OMRÅDE FOR FRITIDSAKTIVITETER

Nr	Gnr/bnr	Stad	Tiltak	Retningslinjer
8	13/3	Ved Lisletjønn i Bykle	Motorsport- senter	Før tiltak skal konsekvensutgreiing gjennomførast. Det skal takast omsyn til vassdrag og biologisk mangfald
9	14/6	Lii i Bykle	Hestesenter	Område er under regulering
10	2/22	Hovden	Skatehall	Vidareføre eksisterande plassering
			Skiløypar	Løypeplan
			Sykkel/turløypar	Løypeplan

1.5 NÆRINGSAKTIVITET

Næringsutvikling er eit viktig fokusområde i kommuneplanen, med ambisjon om at "Bykle skal utmerke seg som ein attraktiv stad å drive, utvikle og etablere næringsverksemd". Det er viktig å legge til rette gode og attraktive næringsområde i kommunen, samt infrastruktur og anna. Det å skape næringsaktivitet har òg samband med bustadbygging og andre tema i kommuneplanen, fordi heilskap er viktig med tanke på å skape bulyst og å tiltrekke seg arbeidskraft.

1.5.1 REISELIV OG SERVICE

I 2009 har hovudvekta av private arbeidsplassar vore knytta til reiselivet, og dette er den næringa som har best føresetnader for vekst. Arealmessig ligg hovudtyngda av reiselivsbygg på og rundt Hovden, og etterkvart sørover til Midtregionen/ Hovden Sør. I Bykle kyrkjebygd finn ein i hovudsak kulturelle tilbod, som det er viktig å ivareta og styrke. Bjåen er eit viktig område for gardsturisme, nisjeproduksjon og opplevingar knytt til dette.

Næringsareal for forretningar og anna i Hovden sentrum er viktig for reiselivet, og planar om utvikling av Hovden sentrum skal i planperioden reviderast.

Reiselivsutviklinga i kommunen vil fortsette, og med fleire besøkande er det viktig at infrastrukturen ligg til rette for dette. Ei utfordring er ferdsel i og rundt dei store verneområda i kommunen. Kanalisering av trafikk er viktig, og det er blitt innarbeidd med turstiar og skiløyper med tilhøyrande parkeringsplassar.

FRAMTIDIG REISELIVSOMRÅDE MED RETNINGSLINER:

Nr	Gnr/Bnr	Stad	Tiltak	Retningslinjer
11	1/22	Øy i Otrav ved Hovden Fjellstoge	Område for tamrein	Det må gjennomførast ROS-analyse for tiltaket, og verknader på biologisk mangfald må vurderast. Ved utbygging må det takast særskilt omsyn til elvefaret.
12	3/6	Tykkås	Campingplass/caravanplass	Før campingplass/caravanplass etablerast skal det utarbeidast detaljregulering for heile område. Byggjegrænse til elv må leggest inn i detaljplan.

1.5.2 NÆRINGSUTVIKLING

Det skal leggjast vekt på at næringslivet som er, og skal etablerast, får gode vilkår. Det er ønskeleg for kommunen som turistdestinasjon at det blir fleire varme senger og at det vert lagt til rette for heilårs drift.

RETNINGSLINER FOR NÆRINGSUTVIKLING

Kommunen vil halde fast ved at areal og bygningar i område som er regulert til næring ikkje blir teke i bruk som fritidsbustader. Kommunen vil krevje at bueingane blir utleigd minst 9 månader i året, fordela på dei ulike sesongane, og at utleigeverksemnda blir organisert som næringsverksemd i fellesdrift, basert på langsiktige kontraktar mellom eigarane av bueingane og den som driv utleigeverksemnda.

1.5.3 LANDBRUK

For landbruket er det særleg viktig å oppretthalde hevd på all dyrka jord, og å utnytte utmarksbeite. For Bykle kyrkjebygd er det laga detaljert skjøtselsplan og utfordringa er å følgje opp denne og halde oppe aktiviteten i det tradisjonelle landbruket. Bykle kommune ynskjer å oppretthalde drift på alle bruk.

Bykle kommune skal stø opp under idear og tiltak som styrker gardsbruka, både når det gjeld det tradisjonelle landbruket og nye næringar. Målet er at ein stopper nedbygging og fråflytting frå gardsbruk. Dyrka jord må ikkje byggast ned. Bygningstiljø må ivareta driftsbygningar, driftshytter og støylar skal ikkje delast frå hovudbruket.

Kommunestyret har vedteke at det skal byggast anlegg for biobrensel på Hovden. Anlegget vil kunne ta imot lokalt virke dersom dette er tilgjengelig, men det må også tilførast virke frå andre kommunar.

1.5.4 INDUSTRI

Industriverksemd er sysselset ein liten prosentandel av arbeidstakarane i kommunen. Likevel er dette viktige heilårsarbeidsplassar, og det er i Bykle døme på industri som går godt. Det er viktig med godt tilrettelagte tomter, og for å kunne skape synergieffektar er det ønskeleg at industriverksemd vert plassert i nærleiken av kvarandre. I Bykle kyrkjebygd er slik verksemd i hovudsak konsentrert på Sarvsnetten Industriområde, medan ein på Hovden legg til rette for dette på næringsområde i sørenden av Hartevatn. Industriverksemd er ofte plasskrevjande, og ved utvikling og utbygging av industriområde er det viktig å ta omsyn til omliggande areal. Grundig planlegging bør ligge til grunn, slik at områda i minst mogleg grad kjem i konflikt med omgjevnadene.

Det skal leggjast vekt på gode estetiske kvalitetar på bygnaden og skjøtsel av dei ubebygde areala i tilknytning til industrien.

INDUSTRIOMRÅDE I KOMMUNEN:

Nr	Gnr/ Bnr	Stad	Retningslinjer
13	15/11, 15/96, 15/128	Sarvsnetten Industriområde, Bykle	Utviding av eksisterande industriområde. Utbygging skal i størst mogleg grad ta omsyn til omkringliggjande område.
14	2/2, 2/835, 2/842	Sørenden av Hartevatn, Hovden	Utviding av eksisterande industriområde. Utbygging skal i størst mogleg grad ta omsyn til omkringliggjande område.

1.5.5 KRAFTVERK

Vasskraftanlegg er teke inn i plankartet for Bykle kommune. Dette viser eksisterande og planlagde framtidige område.

Mini- og mikrokraftverk vert stadig meir aktuelt for å få kraftproduksjon i små vassdrag, og som ei attåttnæring til landbruket. Kommunen er positiv til kraftproduksjon i mindre vassdrag, så sant dette ikkje verkar øydeleggjande på miljø eller kulturlandskap, og/ eller vert etablert i flaumutsette vassdrag. Vassdrag som kan vere aktuelle med tanke på utbygging av småkraftverk skal konsekvensutgreiast.

1.5.6 BYGG OG ANLEGG

Det er stor byggeaktivitet i kommunen, og dette vil truleg fortsette fram i tid. Dette er ei viktig næring, som etter offentleg sektor og reiseliv sysselset flest arbeidstakarar i Bykle.

Arealmessig er oppstillingsplass for maskinar og utstyr viktig. Slike oppstillingsplassar og lager skal plasserast i tilknytning til industriområde, eller slik at ein unngår konflikter med andre interesser. For byggesøknadar i industriområde skal det følgje med ein utomhusplan som syner parkering og tilkomst, samt korleis opparbeiding og terrengarbeid skal utførast.

1.5.7 SENTRUMSOMRÅDE/ FORRETNINGSOMRÅDE

Det skal leggest til rette for sentrumsutvikling på Hovden og i Bykle kyrkjebygd. "Trykket" er størst på Hovden, og ein eigen reguleringsplan er utarbeidd for dette området. Reguleringsplanane for Hovden sentrum og for Bykle kyrkjebygd skal reviderast i planperioden. Planavgrensing, arealformål og sentrumssone i desse planane vil difor bli vurdert på områdeplannivå.

1.6 ANDRE OMRÅDE

Område til offentlege føremål og kulturaktivitetar er lagt inn i eksisterande reguleringsplan for Bykle kyrkjebygd og i ny reguleringsplan for Hovden sentrum. I Bykle kyrkjebygd er det behov for utviding av kyrkjegarden.

Nr	Gnr/ Bnr	Stad	Føremål
15	13/4	Torsbujordet, sør for den nye kyrkja	Kyrkjegard

1.7 OMRÅDE FOR RÅSTOFFUTVINNING

Norges Geologiske Undersøkelse (NGU) har i 2005 gjort ei kartlegging av grus- og pukkførekomst i Bykle kommune. Registreringane viser at Bykle har liten tilgang på råstoff av sand og grus til byggetekniske føremål. Av førekomstane som er kartlagt er tre karakterisert som "svært viktige"; Skarsmo, Takevjemoen og Hartevatn.

Det er stor byggeaktivitet i Bykle, og tilgang på grus og pukk er viktig. Samstundes må det takast omsyn til landskapsbiletet. Så langt har det ikkje vore god styring med desse områda i Bykle, og ein vil no gjere grep for å betre styringa.

OMRÅDE FOR RÅSTOFFUTVINNING

Nr.	Gnr/Bnr	Stad
16	13/3	Bykilsmoen
17	14/2	Skarsmo
18	14/7	Steggjane
19	16/16	Smylemoen
20	3/20	Hæknessmoen/Takevjesmoen
21	3/5	Flæmoen
22	3/6	Tykkås Sør (Jeiskeli)
23	3/219	Tykkås
24	2/835, 2/2	Hartevatn Sør
25	2/1	Hovden
26	1/105	Breive

G (jfr. Pbl §§ 11-7 nr 1)

Vidare drift av eller utviding av eksisterande masseuttak kan ikkje settast i verk før det ligg føre godkjent detaljregulering, driftsplan, avslutningsplan og utbyggingsavtale for område. Driftsplan må og vere godkjent av Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard. Det skal gjennomførast konsekvensutgreiing av masseuttaka på detaljplannivå.

RETNINGSLINER FOR MASSEUTTAK

1. For at råstoffutvinning skal kunne fortsette på eksisterande område må det i løpet av 6 månader etter vedteke kommuneplan vere meldt oppstart av detaljreguleringsplan. Denne må vere vedteke innan 2 år etter at gjeldande kommuneplan er vedteke.
2. Ved regulering til uttak må det takast omsyn til biologisk mangfald, villrein, landskapsbiletet og det skal sikrast estetisk gode løysingar. Randsoner og kantvegetasjon, spesielt inntil vassdrag, skal takast vare på. Det skal stillast krav om driftsplan.
3. Ved regulering til råstoffutvinning må tryggleikssynet til nærmiljøet vere skildra og sikra.
4. Ved regulering for masseuttak knytt til vassdrag skal ikkje naturlege elvelaup endrast. Masseuttak skal ikkje skje i område som er påverka av flaum.
5. Det er ikkje naudsynt å detaljregulere masseuttak som ikkje er til kommersiell drift.

2 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

Riksveg 9 er viktig for fastbuande, for næringsliv og for tilreisande i Bykle. Kommunen vil vere pådrivar og støttespelar i arbeidet med å utbetre riksvegen. Bykle kommune er langt framme i arbeidet med breibandsutbygging, og dette skal òg takast omsyn til i planlegging av nye område.

RETNINGSLINER

1. Eventuelle endringar av trasèval for Rv9 skal følgje forslag i kommuneplanens arealdel, og avklarast nærare gjennom eigen reguleringsplan.
2. Omsynet til eksisterande busetnad, næringsverksemd, landbruk, biologisk mangfald, trafikktryggleik og landskapsbiletet må vektleggast sterkt ved vurdering av ulike alternativ.
3. Byggjeavstand til Rv9 og fylkesvegar følgjer dei byggegrensene som ligg i gjeldande reguleringsplanar. I uregulerte område gjeld veglova sin § 29.
4. Kommunen sin vegnormal gjeld for prosjektering og opparbeiding av kommunale og private vegar.

2.1 VATN OG AVLAUP

All privat utbygging av vatn- og avlaups anlegg, som skal knytast til offentleg vatn- og avlaups nett, må prosjekterast og byggjast i samsvar med kommunal vatn- og avlaups norm.

2.2 GANG- OG SYKKELVEGAR

Kommunen er opptatt av trafikktryggleik, og å sikre trygg ferdsel til skular, barnehagar og fritidsområde.

FRAMTIDIGE GANG- OG SYKKELVEGATRASÉAR

Strekning	Trasètype
Mosdøl – Storetjønn	Langs Rv9, til badeplass
Bykle samfunnshus – Grønnmyr/ Rv9	Langs kommunal veg
Kryss Rv9 og Fylkesveg inn til skisenteret	Undergang Fylkesveg
Hovden, Rv9 – Kleiva	Undergang Rv9 ved gangveg
Hovden, Rv9 – Hegni	Undergang/ overgang Hegni – Austmannlii
Hegni – Sjørenden av Hartevatn	Langs Rv9, del av framtidig rundløype Hartevatn
Breivegegen – Hovden langrennsarena	Langs kommunal veg

2.3 TURVEGAR/STIAR OG SKILØYPER

Gode turvegar/ stiar og skiløyper er viktige for trivsel og helse blant fastbuande og besøkande i kommunen. Reiselivsnæringa er særskilt viktig for kommunen, og det er då avgjerande med gode løysingar på dette området. I høve til dei store verneområda i kommunen er kanalisering av trafikk viktig. Gjeldane kommunedelplan for sti- og løypenett er innarbeid i plankartet. For eit meir detaljert kart, sjå kart for tur- og skiløypar.

RETNINGSLINER FOR TURVEGAR/STIAR OG SKILØYPER

1. Vinterløyper som er avsett på kartet kan etter avtale med grunneigarar preparerast med løypemaskin. Motorisert ferdsel i samband med preparering av skiløyper merkt på plankartet er tillete for løypeansvarlege utan særskilte dispensasjonar.
2. Grad av opparbeiding av dei ulike vintertraséane skal avklarast i handlingsplan for løyper og i grunneigaravtalar eller reguleringsplanar. Generelt treng ein for å kome fram med stor løypemaskin, ein rydda trasé på 12 meter, og der det må gjerast grunnpreparering trengst ei breidde på 7 meter. Det kan lagast klopper eller bruer over bekkar og elver. Traséar der det blir gjort terrenginngrep skal såast til, med unntak av trasé på 1,5 meter som kan grusast og nyttast som sommarsti.
3. For sommarløyper som er avsett på kartet kan det ryddast traséar på inntil 1,5 meter. Det kan gjerast enkel tilrettelegging/ grusing av traséar, samt lagast klopper eller bruer.
4. Vesentlege terrenginngrep utover rydding av vegetasjon og enkel tilrettelegging/ grusing utløyser krav om søknad og løyve, jfr PBL § 20-1 k. Inngrep i samband med rydding og opparbeiding skal tilpassast til terrenget og gjerast mest mogleg skånsamt.
5. Ved terrenginngrep for tilrettelegging av løyper skal tilhøve til kulturminne avklarast med kulturminneavdelinga i Aust-Agder fylkeskommune, der dette ikkje alt er avklart gjennom reguleringsplan.
6. I nye byggeområde er det krav om 30 meter grønne korridorar langs stiar og løyper.

7. Kryssingar mellom skiløyper og brøyta vegar skal tilretteleggast med senka brøytekanter og siktsoner i høve til Statens vegvesen sine handbøkar.

Kryssing med skibru/ kulvert bør gjennomførast gjennom utbyggingsavtalar der hovudløyper kryssar trafikkerte vegar.

8. Vinterløyper kategori V ligg i viktige leveområde for villreinen. Desse løypene vil bli stengt på kort varsel når Statens Naturoppsyn eller løypekøyrarar observerer reinsdyr i eller på veg til området.

9. Vinterløyper kategori K ligg i kalvingsområde for villreinen. Desse løypene skal stengast frå og med 25. april.

10. Vinterløype kategori P går gjennom villreintrekk og kan berre preparerast i påska og i samband med arrangement.

11. Rundløype/ lysløype frå parkering ved Hartevasnut kan tilretteleggast for to maskinbreidder.

12. Sommarløyper kategori Sy kan tilretteleggast for sykkel/ barnevogn. Det kan ryddast og opparbeidast traséar på inntil 2,5 meter.

13. I sommarløyper kategori TS kan det ryddast traséar på inntil 1,5 meter, samt gjerast enkelt grunnarbeid/ grusing som tilrettelegging for terrengsyklar.

2.4 PARKERINGSPLASSAR

Tilgjengelige parkeringsplassar i tilknytning til aktivitetsanlegg og utfartsplassar er viktig for å sikre god infrastruktur og trafikktryggleik.

FRAMTIDIGE PARKERINGSPLASSAR

Nr	Stad	Tilknytta
27	Skisenteret, langs austsida av vegen	Hovden skisenter
28	Sjørenden av Hartevatn	Ski/ turløypenett
29	Tykkås	Ski/ turløypenett
30	Hovden Aust	Ligg i reguleringsplan for Hovden Aust
31	Hovden sentrum	
32	Lysløype Bykle	Utviding av eksisterande parkeringsplass
33	Badstogdalen	Ski/turløypenett

2.5 SAMFUNNSKRITISK INFRASTRUKTUR

Samfunnskritisk infrastruktur er dei anlegg og system som er naudsynte for å oppretthalde samfunnet sine kritiske funksjonar som dekkjer dei grunnleggande behov i samfunnet og tryggleik for innbygarane.

Gjennom ei rekke studiar og døme er det gjort tydeleg at samfunnet si evne til å vere i funksjon er svært avhengig av ei rekke fysiske og tekniske infrastrukturar. Dersom det skulle oppstå alvorleg svikt i desse infrastrukturane er samfunnet ikkje i stand til å oppretthalde dei leveransar av varer og tenester som innbygarane er avhengige av. Døme på slik svikt i Bykle kommune kan vere; større trafikkulukker på Rv9, alvorleg svikt i elektrisitetsforsyning, telesambandet eller vassforsyning, naturkatastrofar, dambrot eller flaum og atomkatastrofar.

3. LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSOMRÅDE (LNF)

I LNF-område skal omsynet til landbruk, natur og friluftsliv prioriterast, og det er per definisjon ikkje lov med anna utbygging enn det som er knytt til stadbunden næring.

3.1 OMRÅDE DER NATURINTERESSENE VERT PRIORITERT

Viktige områder er kartlagt i samband med biologisk mangfald registrering i 2002 eller var kartlagt frå før. I Bykle kyrkjebygd er den siste registreringa frå 2008 i samband med skjøtselsplanen. Dette ligg inne på delkartet biologisk mangfald.

LNF-OMRÅDE MED OMSYNSSONE

I desse områda skal det takast omsyn til biologisk mangfald:

Nr	Stad	Spesielle kvalitetar
34	Tveiten	Kulturlandskap, regional verdi, A-område
35	Gardar i Bykle kyrkjebygd	Kulturlandskap, regional verdi, A-område
36	Stavenes	Kulturlandskap, regional verdi, A-område
37	Bjåen	Kulturlandskap, regional verdi, A-område
38	Breive	Kulturlandskap, regional verdi, A-område
39	Berdalen	Kulturlandskap, lokal verdi, B-område
40	Bjørnaråfjellet-Storekvæv	Edellauvskog, regional verdi, A-område
41	Trydalsfjellet-Storefjell	Edellauvskog, regional verdi, A-område
42	Berdalstjønni	Gamal lauvskog, regional verdi, A-område
43	Brotteli ved Botsvatn	Bjørkeskog med høystauder, regional verdi A-område
44	Bratteland ved Botsvatn	Bjørkeskog med høystauder, regional verdi A-område
45	Tveiten	Bjørkeskog med høystauder, regional verdi A-område
46	Mosdølsfjellet	Gamal lauvskog, regional verdi, A-område
47	Huldreheimen	Bjørkeskog med høystauder, regional verdi A-område
48	Vråstøylsfjellet	Gamal lauvskog, regional verdi, A-område
49	Berdalen	Urskog/gamalskog, regional verdi, A-område
50	Lislevatn, Mjåvassristi	Bjørkeskog med høystauder, regional verdi, A-område
51	Trydalstjønni	Ikke-forsurede restområder, regional verdi, A- område
52	Motjønni	Ikke-forsura restområder, regional verdi, A- område

RETNINGSLINER FOR LNF-OMRÅDE MED OMSYNSSONE

1. Desse områda skal ikkje omdisponerast til anna føremål.

2. I kulturlandskap er det positivt med drift og tiltak i tråd med skjøtselsplanen.

H LNF (jfr. Pbl § 11-11 nr2)

For driftshytter (bygg som brukast i utmarksnæring og som ikkje er skilt frå hovudbruket) i LNF-område kan ikkje BRA overstige 140m² inkl. parkering. Der kor parkering ikkje er i tilknytning til hytta skal areal på hytta ikkje overstige 100m².

RETINGSLINE FOR BYGG I LNF-OMRÅDE

1. Nye bygg i LNF-område skal ha storleik og utforming som passar til byggeskikken i området.

3.2 OMRÅDE DER FRILUFTSINTERESSENE VERT PRIORITERT

Friluftssinteressene vert i stor grad sikra gjennom allemannsretten. Under vert det likevel peikt på nokre prioriterte område der tilrettelegging kan vere aktuelt. Turveggar og skiløyper vert omtalt som eige punkt under kommunikasjonssystemet.

Nr	Stad	Føremål
53	Hartevatn	Turområde/ badeplassar/ fiskeplassar
54	Bykilsmoen	Turområde/ badeplassar/ fiskeplassar
55	Hoslemohylen	Fiskeplass
56	Lomehylen	Fiskeplass

3.3 OMRÅDE FOR LNF – SPREIDD BUSTADBYGGING (jfr pbl § 11-11 nr 2)

Bykle kommune ønskjer å stimulere til å oppretthalde busetnad i eksisterande grender i kommunen. Lovverket gir rom for LNF-område med moglegheit for spreidd bustadbygging. I desse områda unngår ein reguleringsplan og dispensasjonar – og bustadformål er i tråd med planen.

Område nr.	Områdenamn	Tidlegare godkjent, ikkje bygd/detaljregulert	Tilført nye einingar i Kom.plan 2010-2022	Tilsaman
57	Trydal	3	0	3
58	Hoslemo	3	0	3
59	Berdalen	3	0	3
60	Dalen	3	0	3
61	Bjåen	3	0	3

OMRÅDE FOR LNF-SPREIDD BUSTADBYGGING

I (jfr Pbl § 11-7 nr1)

- Bustader skal ikkje plasserast nærare enn 50 meter frå dyrka mark.
- Tilkomstveggar skal ikkje leggest i konflikt med gardstun eller landbruksveggar.
- Bustader skal ikkje plasserast nærare landbruksbygg eller anna næringsverksemd enn 50 meter.
- Bustader skal plasserast minimum 30 m frå automatisk freda kulturminne. Søknader om nye bustader i LNF-SB-område skal sendast på høyring til Aust-Agder Fylkeskommune, kulturseksjonen før vedtak vert fatta.
- Bustader skal plasserast minimum 50 meter frå vassdrag, minimum 20 meter frå bekkar, og minimum 20 meter frå høgspenlinjer.
Som bekk reknar ein bekkar som kjem fram på kart i målestokk 1: 50 000
- Bustader skal plasserast minimum 50 meter frå riksveg og fylkesveg, og 15 meter frå kommunal veg. Bustader skal fortrinnsvis knytast til eksisterande, godkjende avkøyrslar, og skal ha godkjent vatn- og avløpsanlegg jfr pbl. §§ 27-1,27-2 og 27-4.
- Der det skal byggast ei gruppe med meir enn 3 hus er det krav om godkjent detaljregulering. Ei gruppe er bygg som er planlagt nærare kvarandre enn 200 m i rett linje.

RETNINGSLINER FOR LNF-SPREIDD BUSTADBYGGING

1. I LNF-SB-områda er frådelling til bustadformål i tråd med planen. Frådellingar skal handsamast etter jordlova.
2. Dersom frådelling etter jordlova er gitt, er det ordinær byggesakshandsaming knytt til utbygging innanfor desse områda.

3.4 OMRÅDE FOR LNF – SPREIDD FRITIDSBUSTADBYGGING (jfr pbl § 11-11 nr 2)

Utbygging av fritidsbustader i Bykle kommune skal fortrinnsvis skje i regulerte felt. I tre område er det valt å opne for spreidd fritidsbustadbygging innafor visse rammer.

Område nr.	Område namn	Tidlegare godkjent, ikkje bygd/detajregulert	Tilført nye einingar i Kom.plan 2010-2022	Tilsaman	Retningslinjer
62	Byklestøylane	5	0	5	
63	Bjåen	0	1	1	1 ny hytte kan byggast på gnr. 2, bnr. 499
64	Lundane "Sigvaldsonshylen"	0	1	1	Det opnast for bygging av ei ny hytte og eit minireinseanlegg.

OMRÅDE FOR LNF – SPREIDD FRITIDSBUSTADBYGGING

J (jfr Pbl § 11-7 nr1)

Føresegna i punkt I gjeld tilsvarande for fritidsbustader.

K (jfr Pbl § 11-7 nr5b)

For fritidsbustader i LNF-område for spreidd fritidsbustadbygging kan ikkje BYA overstige 200m², der 40m² avsetjast til parkering. Der parkering ikkje ordnast på tomte blir maks BYA 140m².

Mønehøgde 5m overkant innvendig golv.

4 BANDLAGDE OMRÅDE

Meir enn 60 % av kommunen sitt areal er varig verna med ulike heimlar og føremål. Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde, som i snart 10 år har vore forvalta av kommunane, går no over til eit interkommunalt forvaltingsorgan. Andre verneområde i kommunen kan også bli omfatta av dette.

Kommunen skal arbeide med Regionalplan for Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei i denne kommuneplanperioden. Målet for kommunen er mest muleg lokalt handlingsrom. Målet for planprosessen er å setje grensene for nasjonalt villreinområde.

I rapporten Villrein og Samfunn er Setesdal Vesthei er foreslått som eitt av ni nasjonale villreinområde, og er saman med Hardangervidda og Nordfjella forslått som ein av to europeiske villreinregionar. Det er laga kart for storfugl, rype og hjortevilt sin områdebruk.

I 2009 er det vedtekne eigne kommunale mål for forvaltning av hjortevilt (ikkje villrein).

Bandlagde område i Bykle kommune går fram av plankartet.

4.1 FORNMINNE/KULTURMINNE

Det er mange kartlagde kulturminne i kommunen. Dette gjeld alt ifrå kolgroper og jernvinneanlegg, til fangstanlegg og buplassar frå steinaldertid. SEFRAK er ei registrering av eldre bygningar og/eller hustufter. Bygningar frå før år 1537 er automatisk freda. I tillegg er det knytt vernebestemmelser til bygg frå før år 1849. Kulturminne i heia er kartfesta m.a. i samband med verneprosessen på Setesdal Vesthei. Det er gjort ei omfattande stadnamnregistrering i kommunen, og Ålmannvegen frå Bykle til Hovden er kartfesta. Gjennom miljøplan trinn 2 blir den einskilde grunneigar oppmoda om å kartfeste kulturminne på sin eigedom, og kommunen kan hjelpe til med dette. Det bør gjerast ein jobb for å samordne informasjonen frå registreringane som er gjort.

ASKELADDEN er database for kulturminne, som kontinuerlig blir oppdatert. Database skal nyttast i planlegginga.

4.1.1 KULTURMINNEOMRÅDE

Det skal i alle utbyggingsområde gjerast undersøking og registrering av kulturminne. Kulturminne skal bandleggast etter lov om kulturminne. Registrerte kulturminne skal leggest inn i plankartet ved utarbeiding av reguleringsplanar. I alle område gjeld at ved oppdaging av kulturminne skal kulturmyndigheitene varslast og påbegynte arbeid stoppast til kulturmyndigheitene har undersøkt område.

RETNINGSLINER FOR KULTURMINNEOMRÅDE

1. Innanfor område avmerkt som viktig kulturminneområde i kommuneplanen skal nye tiltak særskilt tilpassast dei kulturhistoriske verdiane i området. Større tiltak og naturinngrep skal ikkje tillatast.
2. Landbruksnæring kan halde fram i slike område.



4.1.2 REFERANSEOMRÅDE FOR KULTURMINNER

Gjennom nye arkeologiske undersøkingar av område er det avdekka nye kulturminne. Bykle kommune bidrog til at desse undersøkingane vart gjennomførte. Dette for å få ei rask avklåring av framtidig bruk av område, jfr. Pkt 1.3 nr. 9 i kommuneplanen for Bykle 2006-2018.

Desse kulturminna gjev eit godt bilete av korleis jernutvinninga har gått føre seg på Hovden i eldre tid. Område er difor eigna som eit referanseområde frå denne tidsepoken. Eit slikt referanseområde medfører at ein har sikra spor etter aktivitet frå eldre tider på Hovden, og at kulturminne i andre utbyggingsområdar på Hovden kan bli frigitt.

Område nr.	Gnr. /Bnr.	Stad	Retningsline
65	2/2, 2/841, 2/8	Nystøyl Aust/ Vidmyr	Område skal inntil annet er vedteke være avsatt til LNF-område.

1. Riksantikvaren og Bykle kommune er enige om at det er nødvendig og positivt å ivareta de viktige kulturminnene som jernvinne representerer.

2. Riksantikvaren og Bykle kommune er enige om at det er nødvendig at det finnes et større sammenhengende referanseområde som viser mangfold og bredde i fremstilling av jernutvinning på Hovden.

3. Riksantikvaren og Bykle kommune er enige om at det skal foretas en systematisk kartlegging av kulturminner i andre jomfruelige områder for å se om det kan finnes et større referanseområde av samme kvalitet som område Nystøyl Aust (område 65 i kommuneplanen). Inntil videre fungerer Nystøyl Aust som referanseområde.

4. Riksantikvaren ser positivt på at enkeltstående kulturminner i bebygde områder ikke skal stå i veien for fortetting.

5. Bykle kommune og Aust-Agder fylkeskommune vil starte en systematisk kartlegging av alternative referanseområder for jernvinne. Kostnaden ved dette er ikke en del av denne avtalen og noe Bykle kommune og Aust-Agder fylkeskommune må komme tilbake til. Kartleggingen og gjennomføringen skal starte så raskt som mulig.

6. Bykle kommune er enig i at området Nystøyl Aust ikke skal reguleres til bebyggelse før det eventuelt finnes et nytt like verdifullt referanseområde.

7. Inntil annet er vedtatt, er området Nystøyl Aust (område 65 i kommuneplanen), avsatt til LNF-område.

4.2 EKSISTERANDE BANDLAGDE OMRÅDE

Tabellen under viser område i Bykle kommune som er bandlagde etter naturvernlova og plan- og bygningslova.

Nr	Stad	Føremål
66	Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiane	Landskapsvernområde, 798 km ²
67	Hisdal - Steinsbuskardet	Biotopvernområde, 33,2km ²
68	Hovden	Landskapsvernområde, 59 km ²
69	Vidmyr	Naturreservat, 9,7 km ²
70	Lislevatn	Naturreservat, 1,1 km ²
71	Hisdal	Naturreservat, 16,4 km ²

4.3 OMSYNSSONER FOR RAS OG SKREDFARE

Areal som kan vere utsett for skred, flaum eller erosjon, er uavhengig av arealbruk sett av på kartet som omsynssone.

OMSYNSSONE SKRED OG FLAUM (jfr. Pbl. §11-8 a))

I omsynssone for flaumfare er det ikkje tillete å etablere ny busetnad langs vatn og vassdrag lågare enn nivået for ein 200 års flaum, med mindre det blir gjort tiltak som sikrar ny busetnad mot flaum. Særskilt sårbare samfunnsfunksjonar skal vere sikra mot flaum med gjentaksintervall 1/1000. Utgreiing av flaumfare må gjennomførast av ein fagkyndig.

I omsynssone for skredfare er det ikkje tillete å etablere ny busetnad med mindre det er gjort ein fagkyndig utgreiing og dokumentasjon på tilstrekkeleg tryggleik.

I omsynssone for skredfare kan utbygging i samsvar med gjeldande reguleringsplanar gjennomførast.

Dersom det er naudsynt med sikringstiltak og/eller risikoreduserande tiltak i beredskapsmessig samanheng, skal dette vere etablert før bygging kan settast i gong.



5. OMRÅDE FOR VERN OG BRUK AV VASSDRAG

5.1 VASSDRAG

L (jfr Pbl §§ 1-8 og 11-9 nr 5)

I ei sone på 50 meter langs vatn og større vassdrag, og 100 meter langs verna vassdrag, kan arbeid og tiltak som nemnt i Plan- og bygningslova §§ 20-1, 20-2, 20-2b og 30-1 eller frådelling av tomt til slikt føremål ikkje tillatast.

I regulerte område følgjer byggeavstand til vatn og vassdrag dei byggjegrensene som ligg i gjeldande reguleringsplanar.

Med større vassdrag meiner ein vassdrag som er synlege på kart med målestokk 1: 50 000.

RETNINGSLINE FOR VASSDRAG

1. Våtmarksareal langs vassdrag bør ikkje drenerast eller fyllast opp. Vassdragsnære område bør ikkje avdekkast eller overflatebehandlast, slik at det medfører fare for erosjon eller avrenning av overflatevatn direkte til vassdraget.

5.2 NEDSLAGSFELT FOR DRIKKEVATN

Nr	Stad
72	Auversvatn
73	Heitjønn

RETNINGSLINE NEDSLAGSFELT FOR DRIKKEVATN

1. Det er ikkje tillete med tiltak som kan forureine drikkevasskjelda og tilhøyrande nedslagsfelt.

5.3 VERNA VASSDRAG

Bykle har mykje areal bandlagd som følgje av Verneplan 1 for verna vassdrag frå tidleg på 1970-talet. Alt areal frå Botsvatn til Gyvatn, Svartvatn og sørover på vestsida av Otra er bandlagd som verna vassdrag Njardarheim. Det er rikspolitiske retningslinjer frå 1994 som styrer kva som kan tillatast i området. I tillegg er tre andre områder bandlagt som vern av vassdrag. Dette gjeld områda Dalåi og Åmdalsvassdraget mot Tokke-grensa, samt eit mindre område ved Bykil. For nærare avgrensing av dei ulike områda, sjå plankart.

Jfr plan og bygningslova § 1-8, har desse områda fått fastsett grenser med forbod mot bygge- og anleggstiltak. I LNF-område er forbodssona sett til 100 meter. Bygge- og anleggstiltak som er ledd i stadbunden næring er tillete i forbodssona, men kommunen skal ved handsaming av søknader i høve pbl. §§ 1-6, 20-1, 20-2 b og 30-1 søke å medverke til at tiltak blir lokalisert utanom vassdragsbelte med restriksjonar.

6 DISPENSASJON (jfr. pbl kap. 19)

Kommunestyret har delegert myndigheit til Planutvalet slik at Planutvalet kan gjeve dispensasjon frå føresegnene til arealdelen av kommuneplanen. Ved dispensasjonssaker frå føresegnene skal fylkeskommunen og statlege styresmakter for dei saksområda som saka omhandlar, ha høve til å uttale seg før dispensasjon vert gjeve.

7 REGULERINGSPLANAR

Jamfør pbl §§ 1-5 og 11-6 skal kommuneplanen leggest til grunn ved planlegging, forvaltning og utbygging i kommunen. Når ikkje anna er bestemt, gjeld kommuneplanen sin arealdel framføre eldre rikspolitiske føresegn, områderegulering og detaljregulering (reguleringsplan og bebyggelsesplan), men fell bort i den grad den strir mot slike føresegn som seinare blir gjort gjeldande.

Disposisjonsplanane nemnde i tabellen under er gyldige i to år etter at denne kommuneplanen er vedteke. Dersom det etter to år ikkje er vedteke ny reguleringsplan etter gjeldande plan- og bygningslov, kan det ikkje gjennomførast tiltak i planområda. Dette gjeld følgjande område:

Plan ID:	Navn:	Type:	Gjeldande frå år:
197201	Breive	Disposisjonsplan	1972
197202	Geiskelid I	Disposisjonsplan	1972
197203	Hoslemo	Disposisjonsplan	1972
197204	Nylund	Disposisjonsplan	1972
197205	Hartevasstrondi	Disposisjonsplan	1972
197207	Geiskelid II	Disposisjonsplan	1972
197301	Haugen, Løyning	Disposisjonsplan	1973
197306	Hoslemoåni	Disposisjonsplan	1973
197402	Ørnefjell del av gnr. 6, bnr. 25	Disposisjonsplan	1974
197405	Nylund	Disposisjonsplan	1974
197406	Hagemo	Disposisjonsplan	1974
197408	Sagi - Hytteplan del av gnr. 4, bnr. 3	Disposisjonsplan	1974
197701	Solheimsmoen	Disposisjonsplan	1977

Reguleringsplanane som er lista opp her er fortsett gjeldande:

Plan ID:	Navn:	Type:	Gjeldande frå år:
197702	Stussli	Reguleringsplan	1977
198301	Ørnefjell, del av gnr. 6, bnr. 5	Reguleringsplan	1983
198302	Langehylen, Fjellros,	Reguleringsplan	1983
198304	Båtoppstillingsplass Botsvatn	Reguleringsplan	1983
198501	Austre Tverrfjell	Reguleringsplan	1985
198502	Tykkås søppelplass	Reguleringsplan	1986
198503	Geiskelid Skytebane	Reguleringsplan	1985
198701	Steinsland	Reguleringsplan	1987
198703	Ryningen	Reguleringsplan	1987
198902	Stussli - utvida	Reguleringsplan	1989
199001	Åseberget	Reguleringsplan	1990
199102	Skytesenter Badstogviki	Reguleringsplan	1991
199301	Veslestøylen	Bebyggelsesplan	1993
199401	Austmannlii	Reguleringsplan	1994
199402	Rv9 Bykil-Mosdøl	Reguleringsplan	2002
199501	Bykle sentrum	Reguleringsplan	1995
199504	Flæmoen hyttefelt	Reguleringsplan	1995
199505	Langehaugen	Reguleringsplan	1995
199604	Djupetjønn støylane	Bebyggelsesplan	1996
199701	Hovden del II	Reguleringsplan	1997
199702	Gåttestøyl	Bebyggelsesplan	1997 (delvis erstatta)
199703	Bestestøylen	Bebyggelsesplan	1997
199705	Helikopter/sjøflyhamn	Reguleringsplan	1998
199802	Nystøyl	Reguleringsplan	1998
199901	C-19	Bebyggelsesplan	1999
199902	Elvetun	Bebyggelsesplan	1999
200002	Ørnefjell golfbane	Reguleringsplan	2001
200104	Kilan	Reguleringsplan	2004

200105	Børtemannsbekken nord	Bebyggelsesplan	2002
200201	RV9 Gylii	Reguleringsplan	2002
200202	Otrosåsen	Bebyggelsesplan	2002
200204	Hovdehytta	Bebyggelsesplan	2002
200205	Verksted og lagertomt, del av 2/1 og 2/7	Reguleringsplan	2004
200206	Kvennebekken bustadfelt	Bebyggelsesplan	2002
200302	Hovdeseter	Bebyggelsesplan	2003
200303	Badstogdalen	Reguleringsplan	2007
200304	Berdalen hyttefelt 3/2	Reguleringsplan	2003
200305	Ny veg Mosdøl	Reguleringsplan	2003
200401	Fjellbø	Reguleringsplan	2010
200402	Del av C1, C4, C5, Z5 og Z6	Reguleringsplan	2004
200404	Kommunedelplan Midtregionen	Kom.del.plan	2004
200407	Utviding av Hovden skisenter – Breive	Reguleringsplan	2005
200501	Nylund Park	Reguleringsplan	2005
200502	Hovdenut Alpin	Bebyggelsesplan	2005
200508	Nystøyl vest	Reguleringsplan	2005
200509	Hovden Aust	Reguleringsplan	2010
200601	Midtregionen	Reguleringsplan	2007
200602	Hovden sentrum	Reguleringsplan	2006
200603	Lykkestaden	Reguleringsplan	2006
200604	B1 – Hoslemotoppen	Bebyggelsesplan	2009
200605	A8 – Åsheim	Bebyggelsesplan	2009
200606	Hovden Høyfjellshotell – Hovden Blå	Reguleringsplan	2007
200607	A3 – Røyrvikåsen bustadområde	Reguleringsplan	2007
200608	A5 og del av T1, Tjørnane	Reguleringsplan	2007
200609	Hoslemokleiva	Bebyggelsesplan	2007
200613	Hartevatn sør – utvida	Reguleringsplan	2006
200615	Djupetjønn gnr. 2 og bnr. 444	Reguleringsplan	2009
200702	Flæmoen II	Bebyggelsesplan	2008
200704	Djupetjønn hytteområde	Reguleringsplan	2007
200705	Hovden Fjellpark	Reguleringsplan	2008
200706	Børtemannsbekken Nord – Sørlike del	Bebyggelsesplan	2007
200707	Løyning II	Bebyggelsesplan	2009
200709	B9 – Nylund Park II	Detaljregulering	2009
200710	Del av område FFK3 Hovden sentrum	Bebyggelsesplan	2007
200711	Del av Gåttstøyl	Reguleringsplan	2010
200712	A21 – Nordli	Bebyggelsesplan	2008
200714	B2 – Berdalen	Bebyggelsesplan	2009
200715	B4 – Åsheim	Bebyggelsesplan	2009
200716	A4 og del av friluftsområde Hovden	Reguleringsplan	2008
200719	Hovdestøylene	Bebyggelsesplan	2007
200801	Masseuttak Hovden	Reguleringsplan	2010
200804	Slakteplassen	Reguleringsplan	2009
200806	Flæmoen masseuttak	Reguleringsplan	2010
200807	Hæknemoen masseuttak	Reguleringsplan	2010
200809	Rv9 Badstogdalen – Hartevatn	Reguleringsplan	2009
200813	Kommunedelplan ski- og turløyper	Kom.del.plan	2008
200901	Gang- og sykkelveg Børtemannsbekken	Reguleringsplan	2010
200905	A11- Løyning	Bebyggelsesplan	2009

200906	B6 –sørlige del i Midtregionen	Bebyggelsesplan	2009
200907	B6 –nordlige del i Midtregionen	Bebyggelsesplan	2009
200908	Breivassflotti	Bebyggelsesplan	2009
200909	B5 – Nigard Hoslemo	Bebyggelsesplan	2009
200911	Lien Fritidsgard	Detaljregulering	2010
200912	Dyregrenda sørlig del	Detaljregulering	2010
200915	Parkeringsplass Skisenteret	Detaljregulering	2010
200918	Tussefjødd bustadfelt	Detaljregulering	2010
200919	FFK5 Hovden sentrum	Detaljregulering	2010
200921	B12 – Tykkås	Detaljregulering	2010
200922	Vassinntak Breive	Detaljregulering	2010
201001	Hovden Alpine Lodge	Detaljregulering	2010
201003	Åsane – B8 i Midtregionen	Detaljregulering	2010